Brønnøysundregistrene

# ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2020 - GENERELL INFORMASJON

**Enheten**

| | |
|---|---|
| Organisasjonsnummer: | 998 181 712 |
| Organisasjonsform: | Samvirkeforetak |
| Foretaksnavn: | KJØLSDALEN MONTESSORISKULE SA |
| Forretningsadresse: | Daltunvegen 19<br>6776 KJØLSDALEN |

**Regnskapsår**

| | |
|---|---|
| Årsregnskapets periode: | 01.01.2020 - 31.12.2020 |

**Konsern**

| | |
|---|---|
| Morselskap i konsern: | Nei |

**Regnskapsregler**

| | |
|---|---|
| Regler for små foretak benyttet: | Ja |
| Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: | Regnskapslovens alminnelige regler |

**Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ**

| | |
|---|---|
| Bekreftet av representant for selskapet: | Thomas Poul Reines Hals |
| Dato for fastsettelse av årsregnskapet: | 24.03.2021 |

**Grunnlag for avgivelse**

År 2020: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2019: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2020

*Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.*

Brønnøysundregistrene, 04.08.2022

# Resultatregnskap

| Beløp i: NOK | Note | 2020 | 2019 |
|---|---|---|---|
| **RESULTATREKNESKAP** | | | |
| **Inntekter** | | | |
| Foreldrebetalingar | 7 | 180 161 | 153 180 |
| Andre driftsinntekter | 5, 9 | 8 915 342 | 7 521 222 |
| **Sum inntekter** | | **9 095 503** | **7 674 402** |
| **Kostnader** | | | |
| Lønskostnad | 1, 9, 10 | 5 739 966 | 5 579 676 |
| Ordinære avskrivingar | 6 | 48 975 | 51 540 |
| Andre driftskostnader | 1, 9, 10 | 1 923 757 | 1 506 482 |
| **Sum kostnader** | | **7 712 697** | **7 137 698** |
| **Driftsresultat** | | **1 382 805** | **536 704** |
| **Finansinntekter og finanskostnader** | | | |
| Anna renteinntekt | | 2 619 | 4 642 |
| **Sum finansinntekter** | | **2 619** | **4 642** |
| Annan rentekostnad | | 35 943 | 40 793 |
| **Sum finanskostnader** | | **35 943** | **40 793** |
| **Netto finans** | | **-33 324** | **-36 151** |
| **Ordinært resultat før skattekostnad** | | **1 349 482** | **500 552** |
| **Ordinært resultat etter skattekostnad** | | **1 349 482** | **500 552** |
| **Årsresultat** | 3 | **1 349 482** | **500 552** |
| **Årsresultat etter minoritetsinteresser** | | **1 349 482** | **500 552** |
| **Totalresultat** | | **1 349 482** | **500 552** |
| **Overføringar og disponeringar** | | | |
| Konsernbidrag | | 1 349 482 | 500 552 |

## Resultatregnskap

| Beløp i: NOK | Note | 2020 | 2019 |
|---|---|---|---|
| **Sum overføringar og disponeringar** | | **1 349 482** | **500 552** |

# Balanse

| Beløp i: NOK | Note | 2020 | 2019 |
|---|---|---|---|
| **BALANSE - EIGEDELAR** | | | |
| **Anleggsmiddel** | | | |
| **Immaterielle eigedelar** | | | |
| **Varige driftsmiddel** | | | |
| Fast eigedom | | 635 900 | 681 100 |
| Driftslausøyre og inventar | | | 3 775 |
| **Sum varige driftsmiddel** | 6, 8 | **635 900** | **684 875** |
| **Sum anleggsmiddel** | | **635 900** | **684 875** |
| **Omløpsmiddel** | | | |
| **Varer** | | | |
| **Krav** | | | |
| Kundefordringar | 2 | 467 866 | 201 226 |
| Andre kortsiktige fordringar | 2 | 198 709 | 73 649 |
| **Sum krav** | | **666 575** | **274 875** |
| **Bankinnskot, kontantar og liknande** | | | |
| Bankinnskot og kontantar | 4 | 2 534 209 | 1 480 973 |
| **Sum bankinnskot, kontantar og liknande** | | **2 534 209** | **1 480 973** |
| **Sum omløpsmiddel** | | **3 200 784** | **1 755 849** |
| **SUM EIGEDELAR** | | **3 836 684** | **2 440 723** |
| **BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD** | | | |
| **Eigenkapital** | | | |
| **Innskoten eigenkapital** | | | |
| Andelskapital | 3 | 133 500 | 133 000 |
| **Sum innskoten eigenkapital** | | **133 500** | **133 000** |
| **Opptent eigenkapital** | | | |

# Balanse

| Beløp i: NOK | Note | 2020 | 2019 |
|---|---|---|---|
| Annen egenkapital | | 1 962 120 | 612 639 |
| **Sum opptent eigenkapital** | | **1 962 120** | **612 639** |
| | | | |
| **Sum eigenkapital** | 3 | **2 095 620** | **745 639** |
| | | | |
| **Gjeld** | | | |
| **Langsiktig gjeld** | | | |
| **Anna langsiktig gjeld** | | | |
| Gjeld til kredittinstitusjonar | 8 | 591 835 | 727 126 |
| **Sum anna langsiktig gjeld** | | **591 835** | **727 126** |
| | | | |
| **Sum langsiktig gjeld** | | **591 835** | **727 126** |
| | | | |
| **Kortsiktig gjeld** | | | |
| Leverandørgjeld | | 247 927 | 58 633 |
| Skuldige offentlege avgifter | | 280 153 | 261 890 |
| Anna kortsiktig gjeld | | 621 148 | 647 435 |
| **Sum kortsiktig gjeld** | | **1 149 228** | **967 958** |
| | | | |
| **Sum gjeld** | | **1 741 063** | **1 695 084** |
| | | | |
| **SUM EIGENKAPITAL OG GJELD** | | **3 836 684** | **2 440 723** |

Brønnøysundregistrene

# ÅRSREGNSKAP FOR REGNSKAPSÅRET 2020 - GENERELL INFORMASJON

| | |
|---|---|
| Journalnummer: | 2021 620224 |

## Enheten

| | |
|---|---|
| Organisasjonsnummer: | 998 181 712 |
| Organisasjonsform: | Samvirkeforetak |
| Foretaksnavn: | KJØLSDALEN MONTESSORISKULE SA |
| Forretningsadresse: | Daltunvegen 19<br>6776 KJØLSDALEN |

## Regnskapsår

| | |
|---|---|
| Årsregnskapets periode: | 01.01.2020 - 31.12.2020 |

## Konsern

| | |
|---|---|
| Morselskap i konsern: | Nei |

## Regnskapsregler

| | |
|---|---|
| Regler for små foretak benyttet: | Ja |
| Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: | Regnskapslovens alminnelige regler |

## Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

| | |
|---|---|
| Bekreftet av representant for selskapet: | Thomas Poul Reines Hals |
| Dato for fastsettelse av årsregnskapet: | 24.03.2021 |

## Grunnlag for avgivelse

År 2020: Årsregnskap er elektronisk innlevert.
År 2019: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2020.

*Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.*

Brønnøysundregistrene, 17.08.2021

**Brønnøysundregistrene**
Postadresse: Postboks 900, 8910 Brønnøysund
Telefon: 75 00 75 00
E-post: firmapost@brreg.no Internett: www.brreg.no
Organisasjonsnummer: 974 760 673

**Organisasjonsnr: 998 181 712**
**KJØLSDALEN MONTESSORISKULE SA**

## RESULTATREGNSKAP

| Beløp i: NOK | Note | 2020 | 2019 |
|---|---|---|---|
| **RESULTATREKNESKAP** | | | |
| **Inntekter** | | | |
| Foreldrebetalingar | 7 | 180 161 | 153 180 |
| Andre driftsinntekter | 5, 9 | 8 915 342 | 7 521 222 |
| **Sum inntekter** | | **9 095 503** | **7 674 402** |
| **Kostnader** | | | |
| Lønskostnad | 1, 9, 10 | 5 739 966 | 5 579 676 |
| Ordinære avskrivingar | 6 | 48 975 | 51 540 |
| Andre driftskostnader | 1, 9, 10 | 1 923 757 | 1 506 482 |
| **Sum kostnader** | | **7 712 697** | **7 137 698** |
| **Driftsresultat** | | **1 382 805** | **536 704** |
| **Finansinntekter og finanskostnader** | | | |
| Anna renteinntekt | | 2 619 | 4 642 |
| **Sum finansinntekter** | | **2 619** | **4 642** |
| Annan rentekostnad | | 35 943 | 40 793 |
| **Sum finanskostnader** | | **35 943** | **40 793** |
| **Netto finans** | | **-33 324** | **-36 151** |
| **Ordinært resultat før skattekostnad** | | **1 349 482** | **500 552** |
| **Ordinært resultat etter skattekostnad** | | **1 349 482** | **500 552** |
| **Årsresultat** | 3 | **1 349 482** | **500 552** |
| **Årsresultat etter minoritetsinteresser** | | **1 349 482** | **500 552** |
| **Totalresultat** | | **1 349 482** | **500 552** |
| **Overføringar og disponeringar** | | | |
| Konsernbidrag | | 1 349 482 | 500 552 |
| **Sum overføringar og disponeringar** | | **1 349 482** | **500 552** |

**Organisasjonsnr: 998 181 712**
**KJØLSDALEN MONTESSORISKULE SA**

## BALANSE

| Beløp i: NOK | Note | 2020 | 2019 |
|---|---|---|---|
| **BALANSE - EIGEDELAR** | | | |
| **Anleggsmiddel** | | | |
| **Immaterielle eigedelar** | | | |
| **Varige driftsmiddel** | | | |
| Fast eigedom | | 635 900 | 681 100 |
| Driftslausøyre og inventar | | | 3 775 |
| **Sum varige driftsmiddel** | **6, 8** | **635 900** | **684 875** |
| **Sum anleggsmiddel** | | **635 900** | **684 875** |
| **Omløpsmiddel** | | | |
| **Varer** | | | |
| **Krav** | | | |
| Kundefordringar | 2 | 467 866 | 201 226 |
| Andre kortsiktige fordringar | 2 | 198 709 | 73 649 |
| **Sum krav** | | **666 575** | **274 875** |
| **Bankinnskot, kontantar og liknande** | | | |
| Bankinnskot og kontantar | 4 | 2 534 209 | 1 480 973 |
| **Sum bankinnskot, kontantar og liknande** | | **2 534 209** | **1 480 973** |
| **Sum omløpsmiddel** | | **3 200 784** | **1 755 849** |
| **SUM EIGEDELAR** | | **3 836 684** | **2 440 723** |
| **BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD** | | | |
| **Eigenkapital** | | | |
| **Innskoten eigenkapital** | | | |
| Andelskapital | 3 | 133 500 | 133 000 |
| **Sum innskoten eigenkapital** | | **133 500** | **133 000** |
| **Opptent eigenkapital** | | | |
| Annen egenkapital | | 1 962 120 | 612 639 |
| **Sum opptent eigenkapital** | | **1 962 120** | **612 639** |
| **Sum eigenkapital** | **3** | **2 095 620** | **745 639** |
| **Gjeld** | | | |
| **Langsiktig gjeld** | | | |
| **Anna langsiktig gjeld** | | | |
| Gjeld til kredittinstitusjonar | 8 | 591 835 | 727 126 |

| | | |
|---|---|---|
| **Sum anna langsiktig gjeld** | **591 835** | **727 126** |
| **Sum langsiktig gjeld** | **591 835** | **727 126** |
| **Kortsiktig gjeld** | | |
| Leverandørgjeld | 247 927 | 58 633 |
| Skuldige offentlege avgifter | 280 153 | 261 890 |
| Anna kortsiktig gjeld | 621 148 | 647 435 |
| **Sum kortsiktig gjeld** | **1 149 228** | **967 958** |
| **Sum gjeld** | **1 741 063** | **1 695 084** |
| **SUM EIGENKAPITAL OG GJELD** | **3 836 684** | **2 440 723** |

**Organisasjonsnr: 998 181 712**
**KJØLSDALEN MONTESSORISKULE SA**

## NOTEOPPLYSNINGER - SELSKAP

- alle poster oppgitt i hele tall

**Note**
1

**Antall årsverk i regnskapsåret**

**Verksemda har hatt følgjende tal på årsverk:**
10.30

# ÅRSREKNESKAP
# FOR 2020

## KJØLSDALEN MONTESSORISKULE SA
## 6776 KJØLSDALEN

INNHALD:

Resultatrekneskap
Balanse
Notar
Årsmelding
Revisor si melding

# Resultatrekneskap

## Kjølsdalen Montessoriskule SA

| | Note | 2020 | 2019 |
|---|---|---|---|
| **Driftsinntekter og driftskostnader** | | | |
| Foreldrebetalingar | 7 | 180 161 | 153 180 |
| Andre driftsinntekter | 5, 9 | 8 915 342 | 7 521 222 |
| **Sum driftsinntekter** | | **9 095 503** | **7 674 402** |
| Lønskostnad | 1, 9, 10 | 5 739 966 | 5 579 676 |
| Ordinære avskrivingar | 6 | 48 975 | 51 540 |
| Andre driftskostnader | 1, 9, 10 | 1 923 757 | 1 506 482 |
| **Sum driftskostnader** | | **7 712 697** | **7 137 698** |
| **Driftsresultat** | | **1 382 805** | **536 704** |
| **Finansinntekter og finanskostnader** | | | |
| Andre renteinntekter | | 2 619 | 4 642 |
| Andre rentekostnader | | 35 943 | 40 793 |
| **Netto finansresultat** | | **-33 324** | **-36 151** |
| **Ordinært resultat** | | **1 349 482** | **500 552** |
| **Årsresultat** | 3 | **1 349 482** | **500 552** |
| Overføringar | | | |
| Overført til annen egenkapital | | 1 349 482 | 500 552 |
| **Sum overføringar** | | **1 349 482** | **500 552** |

# Balanse per 31.12

## Kjølsdalen Montessoriskule SA

| | Note | 2020 | 2019 |
|---|---|---|---|
| **Eigedeler** | | | |
| Fast eigedom | | 635 900 | 681 100 |
| Driftslausøyre og inventar | | 0 | 3 775 |
| **Sum varige driftsmiddel** | **6, 8** | **635 900** | **684 875** |
| **Sum anleggsmiddel** | | **635 900** | **684 875** |
| **Omløpsmiddel** | | | |
| Kundefordringar | **2** | 467 866 | 201 226 |
| Andre kortsiktige fordringar | **2** | 198 709 | 73 649 |
| Bankinnskot og kontantar | **4** | 2 534 209 | 1 480 973 |
| **Sum omløpsmiddel** | | **3 200 784** | **1 755 849** |
| **Sum eigedeler** | | **3 836 684** | **2 440 723** |

# Balanse per 31.12

Kjølsdalen Montessoriskule SA

| | Note | 2020 | 2019 |
|---|---|---|---|
| **Eigenkapital og gjeld** | | | |
| **Eigenkapital** | | | |
| **Innskoten eigenkapital** | | | |
| Andelskapital | 3 | 133 500 | 133 000 |
| **Sum innskoten eigenkapital** | | **133 500** | **133 000** |
| **Opptent eigenkapital** | | | |
| Annen egenkapital | | 1 962 120 | 612 639 |
| **Sum opptent eigenkapital** | | **1 962 120** | **612 639** |
| **Sum eigenkapital** | 3 | **2 095 620** | **745 639** |
| **Gjeld** | | | |
| Gjeld til kredittinstitusjonar | 8 | 591 835 | 727 126 |
| **Sum langsiktig gjeld** | | **591 835** | **727 126** |
| Leverandørgjeld | | 247 927 | 58 633 |
| Skuldige offentlege avgifter | | 280 153 | 261 890 |
| Anna kortsiktig gjeld | | 621 148 | 647 435 |
| **Sum kortsiktig gjeld** | | **1 149 228** | **967 958** |
| **Sum gjeld** | | **1 741 063** | **1 695 084** |
| **Sum eigenkapital og gjeld** | | **3 836 684** | **2 440 723** |

Kjølsdalen, 8.3.2021
Styret i Kjølsdalen Montessoriskule SA

KJØLSDALEN MONTESSORISKULE
Daltunvegen ..., 6718 Kjølsdalen
... 86 49 52
...ri.no
www.kjolsdalenmontessori.no

Thomas Poul Reines Hals
Dagleg leiar

Ove Martin Kjøllesdal
Styreleiar

Synnøve Helen Humborstad
Styremedlem

Jan Roger Storli
Styremedlem

Roar Øystein Bakke
Styremedlem

Kine Krokstrand
Styremedlem

Kjølsdalen Montessoriskule SA Side 2

# Kjølsdalen Montessoriskule SA

## Notar til årsrekneskapen 2020

### Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er satt opp i samsva med rekneskapslova av 1998. Rekneskapsprinsippa vert skildra under.

**Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigedelar og gjeld**
Eigedelar meint for varig eige eller bruk vert klassifisert som anleggsmiddel. Andre eigedelar vert klassifisert som omløpsmiddel. Fordringar som skal tilbakebetalast innan eit år vert klassifisert som omløpsmiddel. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarande vurdering lagt til grunn.

Anleggsmiddel vert vurderte til kostpris, men vert nedskrivne til verkelie verdi når verdifall ikkje er venta å vere forbigåande. Anleggsmidler med avgrensa økonomisk levetid vert avskrivne planmessig.

Omløpsmiddel vert vurdert til lavaste av kostpris og verkelig verdi. Kortsiktig gjeld balanseførast til nominelt motteke beløp på etableringstidspunktet. Kortsiktig gjeld vert ikkje oppskriven til verkeleg verdi som følge av renteendring.

**Skattar**
Ein vurderer det slik at drifta ikkje er skattepliktig, då ein ikkje har som føremål å drive med økonomisk vinst. Det er vedtektsfesta at andelsteiknarane ikkje får avkastning av andelsinnskota.

**Inntekter** vert bokført når dei er opptente.

### NOTE 1 - Lønskostnader og godtgjeringar.

| | 2020 | 2019 |
|---|---|---|
| Løn og feriepengar | 4 960 683 | 4 833 589 |
| Andre godtgjeringar | 49 155 | 60 119 |
| Pensjon (tilfredstiller krava til OTP) | 248 688 | 159 557 |
| Arbeidsgiveravgift | 481 440 | 526 411 |
| **Sum** | 5 739 966 | 5 579 676 |
| Tal på årsverk | **10,3** | **9,5** |

| **Ytingar til leiande personar** | **Dagleg leiar** | **Styret** |
|---|---|---|
| Løn og anna godtgjering | 618 679 | 0 |

**Revisor**
Det er kostnadsført kr 18.900 i honorar for revisjon og kr 19.700 i honorar for attestasjonar og andre tenester frå revisor.

### NOTE 2 - Fordringar

Fordringar er bokført til pålydande. Ingen fordringar forfell til betaling meir enn eitt år etter balansedagen.

## Kjølsdalen Montessoriskule SA

## Notar til årsrekneskapen 2020

### NOTE 3 - Eigenkapital

| | Andels-kapital | Annen egenkapital | Sum EK |
|---|---|---|---|
| **Eigenkapital 31.12.19** | **133 000** | **612 639** | **745 639** |
| Årets endring i eigenkapital: | | | |
| Teikning av andelar | 500 | | **500** |
| Årets resultat | | 1 349 482 | **1 349 482** |
| **Eigenkapital 31.12.20** | **133 500** | **1 962 120** | **2 095 620** |

14,8% av inntektsgrunnlaget er disponert i 2020, dette utgjer kr 1.349.482.

Føresetnaden om fortsatt drift er til stades, årsrekneskapen for 2020 er sett opp på dette grunnlaget.

### NOTE 4 - Bundne midlar

Av bankinnskot er kr 219.182 på konto som kun kan nyttast til betaling av forskotstrekk.

### NOTE 5 - Spesifisering av offentlige finansieringskjelder

| Bidragsyter | Formål | 2020 | 2019 |
|---|---|---|---|
| Utdanningsdirektoratet | Statstilskot | 7 531 595 | 6 116 517 |
| Utdanningsdirektoratet | Kapitaltilskot | 75 056 | 65 857 |
| Utdanningsdirektoratet | Vikartilskot | 204 000 | 318 922 |
| Utdanningsdirektoratet | DTS | 10 899 | 0 |
| Utdanningsdirektoratet | Arbeid ny læreplan | 2 551 | 0 |
| Utdanningsdirektoratet | Komp. merutgifter knytt til covid-19 | 55 129 | 0 |
| Utdanningsdirektoratet | Tiltak retta mot sårbare barn og unge | 9 117 | 0 |
| Stad kommune | Tilskot til spesialundervisning | 367 488 | 386 584 |
| Eid kommune | Lokale DKS-midlar | 3 200 | 2 802 |
| Kinn Kommune | Tilskot til spesialundervisning | 11 916 | 59 553 |
| **Sum offentlege tilskot** | | **8 270 952** | **6 950 235** |

### NOTE 6 - Anleggsmiddel

| | Skulebygg | Inventar og lausøyre | Totalt: |
|---|---|---|---|
| Kostpris IB | 913 810 | 451 699 | 1 365 509 |
| Tilgang | 0 | 0 | 0 |
| Avgang | 0 | 0 | 0 |
| **Kostpris UB** | **913 810** | **451 699** | 1 365 509 |
| Akkumulert avskriving | 277 910 | 451 700 | 729 610 |
| **Bokført verdi 31.12.19** | **635 900** | **-0** | **635 900** |
| | | | - |
| Avskrivingar i året | **45 200** | **3 775** | **48 975** |
| Avskrivningstid | 10-25 år | 3 - 5 år | |
| Lineære avskrivingar | | | |

# Kjølsdalen Montessoriskule SA

## Notar til årsrekneskapen 2020

### NOTE 7 - Skulepengesatser

Vår og haust 2020 betalte føresette kr 390 pr barn i skulepengar pr. mnd, 25% rabatt for søsken 2 og 50% for søsken 3 og fleire.

### NOTE 8 - Gjeld og pantesikring

Av selskapet si gjeld er kr 591.835 sikra med pant i fast eigedom.
Bokført verdi 31.12.20 på pantsatte eigedeler er kr 635.900.

Ingen andel av selskapet si gjeld som forfell til betaling seinare enn fem år etter balansedagen.

### Note 9 - Avdeling 73, barnehage

Husleie blir fakturert frå skulen til barnehagen i samsvar med husleigeavtalen.
Lønn, feriepengar, arbeidsgiveravgift for vaktmesterteneste, økonomi o.l, blir fakturert etter medgått tid utan påslag.

Felleskostnader som gjeld heile bygget er fordelt 80% skule og 20% barnehage, dette er ei skjønnsmessig vurdering etter bruk. Elles blir andre kostnader fordelt etter skjønn i forhold til bruk.
Alle kostnadar blir fakturert utan påslag.

### Note 10 - Handel med nærstående

| Navn | Vare/tjeneste | Brutto | Netto |
|---|---|---|---|
| Rønnaug Berge Leite | Mat | 2 700 | 2 348 |
| Johnny Elvebakke | Leie av server blade | 1 500 | 1 200 |
| Eid Elektro AS | Reperasjon og vedlikehold elektrisk | 78 342 | 62 673 |
| Nordfjord Masking og Mekk AS | IT-arbeid | 22 040 | 17 632 |
| Samweli International | Honorar undervisning | 5 625 | 5 625 |
| Roccuson Jankhun | Servering på arrangement/møte/kurs | 4 240 | 4 240 |
| **Sum** | | **114 447** | **93 718** |

KJØLSDALEN
MONTESSORISKULE

ÅRSMELDING 2020

# ÅRSMELDING FOR KJØLSDALEN MONTESSORISKULE 2020



## INNHALD:

Styret si melding

Resultatrekneskap 2020

Balanse pr. 31. desember 2020

Noter til rekneskapen

Revisor si melding

KJØLSDALEN
MONTESSORISKULE

ÅRSMELDING 2020

## FØREMÅL

I vedtektene til Kjølsdalen Montessoriskule står det under §3 *Verksemd og formål:*

*«Føretaket skal drive friskule i samsvar med friskulelova. Skulen skal drivast etter montessoripedagogikk og skal vere grunnskule frå 1. til 10. trinn.»*

*Føretaket er altså ikkje økonomisk motivert, men har til hovudmål å yte den tenesta ein barne- og ungdomsskule i nærmiljøet er.*

*Ein barne- og ungdomsskule i nærmiljøet vil også vere ein stor bidragsytar til fellesskapen og kulturen i krinsen.*

*Kjølsdalen Montessoriskule drivast frå Kjølsdalen Montessoriskule, Daltunvegen 19, 6776 Kjølsdalen, i Eid kommune, eigedom 1443 – 111/20, med omkringliggande eigedom 1443 – 111/25.*

## VISJON

*Kjølsdalen Montessoriskule skal vere eit tydeleg pedagogisk alternativ i Stad kommune. Med kosmisk læring, fred, harmoni, empati, verdigheit og menneskerettar som fundament for heile drifta. Slik skal barna og dei vaksne arbeide med respekt for kvarandre og miljøet rundt seg.*

## FORTSETT DRIFT

*Føresetnadene for fortsett drift er til stades, og årsrekneskapen for 2020 er sett opp på dette grunnlaget.*

## ANDELEIGARAR

*Pr. 31.12.2020 var det 268 andelar i samvirkeføretaket. Desse var fordelt på totalt 107 teiknarar.*

## ARBEIDSMILJØET OG DET YTRE MILJØ

*Styret i KMS ser på arbeidsmiljøet som svært godt. Det totale sjukefråværet i 2020 var 39,9 dagar. Dette utgjer 1,6% av det moglege antal dagsverk. Fordelt mellom korttids og långtids sjukefråvær ser biletet slik ut:*

*Langtidssjukefråvær: 17,4 dagar – 0,70% av totalt antal dagsverk.*

*Korttidssjukefråvær: 22,5 dagar – 0,91% av totalt antal dagsverk.*

*Det er rapportert om 1 skader/ulykker på arbeidsplassen blant barna i 2020. Ingen blant dei vaksne. Skada på barn var ein muskulær skade i handledd påført eleven i aktivitet i ballbingen i utetida i juni 2020.. Skaden vart innrapportert til forsikringsselskap og NAV.*

*Kjølsdalen Montessoriskule har ei medviten haldning til miljøet rundt seg. Alt avfall vert kjeldesortert og levert gjennom offentleg renovasjonsordning. Barn og tilsette ved skulen og i barnehagen har felles ansvar for å sortere avfall på ein sikker måte inne i bygget, samt frakte dette til sorteringsplass ute (plast, papir, våtorganisk, restavfall og glas/metall), medan spesialavfall (batteri, lyspærer, stoffrør, elektriske artiklar, metall o.a.) blir teken hand av vaksen og levert ved næraste gjenbruksstasjon ved høve.*

KJØLSDALEN
MONTESSORISKULE

ÅRSMELDING 2020

## LIKESTILLING

*KMS sitt styre pr. 31.12.2020 var sett saman av 3 menn og 2 kvinner. Skulen hadde 15 tilsette og 1 IKT-medarbeidar i faste fakturerte oppdrag. Av desse var 12 kvinner og 4 menn. KMS føl likestillingslova og arbeidar for å fremje likestilling ved val av tillitsvalde og ved nytilsetjingar. Det er ikkje verksett særskilte likestillingstiltak ved skulen.*

## STYRET

*Styret har hatt følgjande samansetning i 2020:*

Ove Kjøllesdal (leiar) – medlem sidan 2012

Synnøve Humborstad – medlem sidan 2012

Jan Roger Storli – medlem sidan 2014

Roar Øystein Bakke – medlem sidan 2015

Kine Krokstrand – medlem sidan 2016

## HANDSAMA SAKER

*Styret har hatt 4 styremøter i 2020. Protokollen syner 65 handsama saker. Av saker styret har hatt til handsaming nemnast her:*

- Søknad om utviding av elevtal ved skulen
- Evaluering av elev- og foreldreundersøking for 2019
- Årsrekneskap for 2019
- Elevinntak 2020/2021
- Skulerute 2020/2021
- Budsjett for 2021
- Tilbod om vidareutdanning til dei tilsette ved skulen
- Inntakskriteria for hovudopptak skuleåret 2021/22
- Lokale lønsforhandlingar for dagleg leiar
- Psykososialt miljø for elevar
- Psykososialt miljø for tilsette
- Koronatiltak ved skulen
- Endring av pensjonsavtale for dei tilsette
- Lønspolitisk plan for KMS
- FEIDE-tilgang for elevar og tilsette
- Trafikktryggingstiltak rundt skulen og ved riksvegen
- Ny montessorilæreplan

KJØLSDALEN
MONTESSORISKULE

ÅRSMELDING 2020

## SAMVIRKEFØRETAKET KJØLSDALEN MONTESSORISKULE SA

*Årsmøtet i KMS er det øvste organet i føretaket. Styret vert vald av årsmøtet og er sett til å halde kontroll med drifta i Kjølsdalen Montessoriskule. Dagleg leiar er tilsett av styret i KMS og har ansvaret for den daglege drifta av føretaket, herunder oppgåver som personalbehandling og budsjettansvar.*




## STILLINGSHEIMLAR PR. 31.12.2020

| | | |
|---|---|---|
| *Rektor Thomas Hals* | - | *100%, (medgått arbeid for bhg vert fakturert bhg)* |
| *Administrasjonsmedarbeidar Tanja Hatten* | - | *50%, halve stillinga vert frikjøpt og fakturert barnehagen* |
| *Reinhald Rossucon Jankhun* | - | *om lag 50%* |
| Reinhald Barbara Buczkowska (vikar) | - | Tilkalling ved behov |
| *Montessoripedagog Eli B. H. Tyvold* | - | *70%, kontaktlærar 5. - 8. trinn* |

KJØLSDALEN
MONTESSORISKULE

ÅRSMELDING 2020

*Montessoripedagog Oddrun Telvik - 100%, kontaktlærar 3. - 4. trinn*

*Montessorilærar Kirsti Sole Sundal - 100%, tilleggslærar i Små- og Storskulen*

*Assistent Monika Bendoraitiene - 100%, vaksen i Små- og Storskulen. IT-assistanse*

*Adjunkt Kari-Ann Horne Haugland - 80%, vidareutdanning til Montessoripedagog. Frikjøpt 1 dag i veka + studieveker ved Universitetet i Sørøst Norge, fysisk og digitalt.*

Ettermiddagsvakt måndagar Kari Follevåg - om lag 13%

Vaktmeister Lasse Omland - 100%, (medgått arbeid for bhg vert fakturert bhg)

Faglærar Elisabeth H. Tyvold - 80%, Stor- og Ungdomsskulen

Montessoripedagog Heidi B. E. Hals - 100%, kontaktlærar 1. – 2. trinn

Montessoripedagog Knut Hansen - 80%, Stor- og Ungdomsskulen. Friluftsliv.

## ÅRSRESULTAT OG DISPONERING AV OVERSKOT

*KMS sitt totale årsresultat for 2020 vart på 1 349 482,-. Styret foreslår at heile årsresultatet vert overført til annan eigenkapital.*

## RAPPORT FRÅ KONTROLLGRUPPA

*Periodisk kontroll etter sjekklista gjennomført av kontrollgruppe skal etter kontrollgruppa sitt mandat gjerast med rapport til styret innan 28.02. gjeldande år. Kontrollgruppa har ikkje hatt møter i 2020.*

## VERKSEMDA I KJØLSDALEN MONTESSORISKULE SA

*2020 har vore Kjølsdalen Montessoriskule sitt sjuande heile driftsår med tilsette og elevar.*

*Pr. 01.01.2020 hadde skulen 44 elevar, der ein fekk ordinært statstilskot for alle elevane på bakgrunn av teljedato 01.10.2019. Desse var fordelt med 1 elev på ungdomstrinn (8.-10.), 21 elevar i Storskulen (4.-7. trinn) og 22 elevar i Småskulen (1.-3. trinn). Siste 9 dagar av skuleåret 2019/20 var det 45 elevar ved skulen, og den sist ankomne eleven fekk skulen refusjon frå heimkommune som gjesteelev.*

*Skuleåret 2020/2021 starta ein opp med 47 elevar. 17 i Småskulen (1.-2. trinn), 13 i Storskulen 1 (3.-4. trinn), 8 i Storskulen 2 (5.-6. trinn) og 9 i Ungdomsskulen (7.-8. trinn). I september kom det ein elev til på 8. trinn, så på teljedato 1. oktober 2020 var det 48 elevar ved skulen. 2. desember starta det to nye elevar til ved skulen, etter tilflytting til den gamle skulekrinsen Kjølsdalen.*

*Så ved utgangen av kalenderåret 2020 var det blitt totalt 50 elevar ved skulen, der 48 av desse genererte tilskot frå Udir.*

| | | | |
|---|---|---|---|
| Småskulen (1. – 2 trinn): | 17 elevar | 10 jenter | 7 gutar |
| Storskulen 1+2 (3. – 6. trinn): | 22 elevar | 13 jenter | 9 gutar |
| Ungdomsskulen (7 – 8. trinn): | 11 elevar | 5 jenter | 6 gutar |
| ***TOTALT ELEVTAL:*** | ***50 elevar*** | ***28 jenter*** | ***22 gutar*** |

KJØLSDALEN MONTESSORISKULE

ÅRSMELDING 2020

*Dei 50 elevane pr. 31.12.2020 er fordelte slik geografisk frå vest mot aust:*

| | | | |
|---|---|---|---|
| Bryggja: | 4 elevar | Reksnes/Lund: | 2 elevar |
| Lefdal: | 2 elevar | Høynes/ | |
| Midthjell: | 1 elev | Stårheim: | 1 elev |
| Haus: | 3 elevar | Haugen: | 1 elev |
| Ervik: | 8 elevar | Nordfjordeid: | 4 elevar |
| Kjølsdalen nedre: | 19 elevar | **Totalt:** | **50 elevar** |
| Kjølsdalen øvre: | 5 elevar | | |

*I 2020 har ein hatt følgjande faste utval i drift ved skulen: styre, FAU og elevråd. Dagleg leiar, styret og FAU må vere påpasselege med at mandatet til eit eventuelt samarbeidsutval og eit skulemiljøutval vert teken i vare gjennom arbeidet i FAU, elevråd og styret.*

*Tilsett adjunt i Stor- og Ungdomsskulen starta opp vidareutdanning i Montessoripedagogikk ved Universitetet i Søraust Noreg i januar 2020. Det er eit stort løft for skulen å få på plass nye, ferdig utdanna montessoripedagogar. Skulen mottok vikarmidlar for denne studenten hausten 2020. Studiet har vore annleis enn normalt grunna koronasituasjonen, men den tilsette skal etter planen være ferdig uteksaminert montessoripedagog desember 2021.*

*Skuleskyssordninga har stort sett fungert godt i 2020. Firda Billag var leverandør av skyss på dei fleste ruter. Eid Taxi var leverandør av skyss på 6 av dei kommunale vedtaka pr. 31.12.2020, og 4 av dei fylkeskommunale. Haust 2020 hadde totalt 27 elevar rett på skyss. 16 etter fylkeskommunale vedtak, 11 etter dei kommunale retningslinene.*

*Vedtak om spesialundervisning har vore delegert frå kommunen til rektor i 2020. Utgiftene til desse tiltaka har vorte dekt inn av Stad kommune. Avtalen er tilfredsstillande for skulen.*

*Det har i 2020 vore heildagsskule ved Kjølsdalen Montessoriskule. Ope frå 07.30 16.30. Etter at skulane opna opp igjen etter koronastenginga våren 2020 var opningstidene noko reduserte. Tilbakemeldingane på ordninga er positiv frå både personalet og dei føresette. Det har vore ope for born på alle trinn i tida før og etter kjernetida.*

*Koronasituasjonen i verda gjorde at skulen (på linje med resten av skule-Norge) måtte stengje dørene på skulebygget frå 12. mars. Etter kvart vart det jfr. dei nasjonale retningslinene opna for skulegang på bygget for barn med særskilte behov og der føresette hadde samfunnskritiske oppgåver. 27. april fekk 1.-4. trinn starte opp igjen med skulegong på skulen. 11. mai kunne 5.-10. trinn òg kome tilbake på skulen, og resten av skuleåret har vi klart å halde skulen open.*

## KJØLSDALEN MONTESSORISKULE ØNSKJER Å TAKKE

*I samband med feiringa av rund dag hadde skulen takka ja etter førespurnad frå Ove Kjøllesdal til å organisere hjelp under feiringa i Kjølsdalen Samfunnshus i april 2020. Som det meste anna vart denne feiringa avlyst, men likevel mottok skulen kr. 10 000,- frå jubilanten som gåve, som skulen er bedt skal nyttast til det beste for borna. Vi er veldig takksame for denne gåva, men òg generelt for all den positiviteten som vi møter i samarbeid og møte med lokalmiljøet.*

KJØLSDALEN
MONTESSORISKULE

ÅRSMELDING 2020

SLUTTORD:

*Dei sentrale oppgåvene for KMS i 2020 var å utvikle det pedagogiske tilbodet vidare innan dei montessoriske prinsippa. Samarbeidet med Kjølsdalen Montessoribarnehage fekk litt dårlegare høve etter at koronatiltaka gjorde samarbeid på tvers av barnegruppene i einingane umogleg. Men reint strategisk er tankane og retninga for framtida fast, og i skulen ser vi meir og meir positive resultat av å ha ein montessoribarnehage i same bygg som vi tek imot nye elevar frå.*

*Å leggje til rette for at dei tilsette som er i eit utdanningsløp skal fullføre innan normert tid har vore viktig. Ein må være i forkant av dei strenge krava som ligg føre når det gjeld kompetanse i montessoriskular.*

*Dei tilsette har gjort eit særs godt arbeid for KMS i 2020. Og vi ønskjer å trekke fram ekstra i år den innsatsen som kontaktlærarane under heimeskulen etter 12. mars la ned med å trygge både barn og føresette i den situasjonen ein var komen opp i.*

*Styret ønskjer å takke dei tilsette for innsatsen i driftsåret 2020.*

**Kjølsdalen 08.03.2021**

| | | |
|---|---|---|
| **Ove Kjøllesdal – styreleiar** | **Synnøve Humborstad – styremedlem** | **Jan Roger Storli - styremedlem** |
| **Roar Øystein Bakke – styremedlem** | **Kine Krokstrand – styremedlem** | **Thomas Hals – dagleg leiar** |

KJØLSDALEN MONTESSORISKULE
Daltunvegen 19, 6776 Kjølsdalen
Tlf. 57 86 49 52
post@kjolsdalenmontessori.no
www.kjolsdalenmontessori.no

hovden & vatne
statsautoriserte revisorar as

Medlemmer i Den norske Revisorforening
Autorisert rekneskapsførarselskap
Org.nr. 987 832 916 MVA
E-post: firmapost@h-v.no
www.h-v.no

**Til generalforsamlinga i**
**Kjølsdalen Montessoriskule SA**

## Melding frå uavhengig revisor

### Uttale om revisjonen av årsrekneskapen



**Konklusjon**
Vi har revidert **Kjølsdalen Montessoriskule SA** sin årsrekneskap som viser eit **overskot på kr 1.349.482**. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2020 og resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2020, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

**Grunnlag for konklusjonen**
Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er skildra under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen.* Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkelege og formålstenlege som grunnlag for konklusjonen vår.

**Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen**
Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, medrekna at han gir eit rettvisande bilde i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ho finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er utført med vilje.



| Ørsta | Nordfjordeid | Stryn |
|---|---|---|
| Ivar Aasengt. 10, Postb. 203, 6151 Ørsta<br>Tlf.: 70 04 59 00 | Øyane 11, Postb. 315, 6772 Nordfjordeid<br>Tlf.: 57 88 64 16 | Tonningsg. 42, 6783 Stryn<br>Tlf.: 48 44 07 30 |

hovden & vatne
statsautoriserte revisorar as

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betyding for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

**Ytterlegare informasjon**

Leiinga er òg ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon består av årsmeldinga, men inkluderer ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga. Våre fråsegner om revisjonen av årsrekneskapen og om andre lovmessige krav dekkjer ikkje slik ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og rekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at slik informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

**Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen**

Vårt mål er å oppnå forsvarleg sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misgjerder, og å gi ei revisjonsmelding som gir uttrykk for meininga vår. Forsvarleg sikkerheit er ein høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misgjerder eller feil som ikkje er utført med vilje. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tek basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjøn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misgjerder eller feil som ikkje er utført med vilje. Vi utvikler og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og henter inn revisjonsbevis som er tilstrekkelege og formålstenlege som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misgjerder ikkje blir avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er utført med vilje, sidan misgjerder kan innebere samarbeid, forfalsking, medvitne utelatingar, feil presentasjonar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeidar vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll.
- vurderer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte er formålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av føresetnaden om vidare drift i årsrekneskapen er formålstenleg og om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betyding om selskapet si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer

hovden & vatne
statsautoriserte revisorar as

vesentleg uvisse, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserer konklusjonen vår om årsrekneskapen og årsmeldinga. Konklusjonane våre er baserte på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at selskapet ikkje held fram med drifta.

- vurderer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvisande bilde.

Vi kommuniserer med styret/dagleg leiar mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og når revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betyding som vi har avdekka i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svake punkt av betyding i den interne kontrollen.

## Uttale om andre lovmessige krav

**Konklusjon om registrering og dokumentasjon**
Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra over, og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Nordfjordeid, 19.03.2021
Hovden & Vatne statsautoriserte revisorar AS

Dag Hopland
statsautorisert revisor